

		

Speling for lag i eldre klasser:

Eksisterande statutt:

Om trenarane på begge lag meiner spelaren er klar for å prøve seg på eit lag i ei høgare aldersgruppe, kan spelarane få dette i samråd med foreldre/føresette. Laget ein høyrer til aldersmessig har alltid første prioritet. Om det er kollisjonar på kampdag/trening skal alltid det laget prioriterast, om det ikkje ligg særskilde grunnar føre.

Foreslått endring med følgene tekst:

«Spelaren skal trene og spele der det er best for spelaren si utvikling»

Styrets tilråding til årsmøtet:

Klubbens eksisterande statutt har utgangspunkt i Norges Volleyballforbunds (NVBF) sine retningslinjer for ungdomsidrett (13 – 19 år) der ungdom sjølv skal kunne bestemme på kva nivå og omfang de ynskjer å drive sin idrett.

«Dette betyr at dei skal dei være med i planlegging og gjennomføring av eigen idrettsaktivitet saman med trenarane og være med å sette sine egne sportslege mål. Dei skal sjølv kunne bestemme om dei vil delta i konkurransar, og at konkurransane skal være i samsvar med ungdommens forutsetningar og ambisjonar. Denne vurderinga må takast i samråd med utøvar, føresette og trenarane.»

Klubben ser det som viktig at utøvaren vert sett i fokus, og at utøvaren sin utvikling vert godt ivaretatt i NVBF sine retningslinjer. Det er også høve til å delta på lag i høgare aldersgruppe dersom dette samsvarar med utøvarens forutsetningar og ambisjonar, og då i samråd med utøvar, føresette, og trenarar. Dersom det skulle verte kollisjonar med kampar eller turneringar, må ein som utgangspunkt unngå at det laget ein høyrer til ikkje kan stille lag (eksempelvis RM/NM for aldersbestemte lag). Samtidig vil det være situasjonar der klubb og utøvar må prioritere annleis (ikkje det laget ein i utgangspunktet høyrer til), og at den løysinga er den beste for klubben. Denne prioriteringa skal ikkje utøvar (ane) involverast i, men gjerast i fellesskap med sportsleg leiar og trenarar.

Med denne forståinga ser ikkje styret det naudsynt å endre dagens statutt.

Vennlig hilsen

Leif Røv
Sportsleg leiar